

## Møtereferat etter møte styringsgruppa 30.11 2017

**Til stades frå styringsgruppa:** Oddvar Grøthe, Borghild Moen, Odd Holde, Kjell Erik Skolt Gunn Berit Nergård og Odd Magne Anderdal.

**Fråvær:** Janne Brøndbo

**Andre som var til stades:** Rådmann Jan Olav Helling

Gjennomgang av saksframlegg «*Framdriftsplan av fyrste byggesteg innan skule og ombygging av barnehage*». Saka skal til behandling i kommunestyret i Desember. Gunn Berit ferdigstiller saka og sender den ut til styringsgruppa for endeleg godkjenning.

Styringsgruppa drøfta innspel frå bygdalista om symjebasseng på Bygdheimeigedomen ved HBU. Styringsgruppa vedtok å avvente eventuelt vidare arbeid/utgreiing til etter signal/attendemelding kommunestyremøtet i Desember.

Rådmann har vore i kontakt med Flesberg kommune. Dei er i oppstartsfasen bygging av ny skule. Styringsgruppa vedtok at kommunen skal gjennomføre ei synfaring og møte med Flesberg og Kongsberg kommune i Januar. Administrasjon arbeider vidare med dato og agenda.

Borghild presenterte arealbehov og moglege plassering av helse og omsorgstenestene.

- Helse har eit samla arealbehov på ca 1.200 m<sup>2</sup>
- Omsorg har eit arealbehov på ca 2.800 m<sup>2</sup>

Me tanke på 2040, vil dagens helsesenter kun ha plass til lege og ambulansetenesta. Det må byggjast eit nybygg for alle helsefunksjonane. Dette enten ved dagens helsesenter, eller bygdaheimen/HBU. Helse og omsorgsjef viste til at det vil vera fordelaktig å samle alle helse og omsorgstenestene (eks ambulanse og lege) i eit nybygg ved bygdaheimen, gjerne bygg saman med HBU.

### **Arbeid til neste møte:**

Administrasjon arbeider vidare med arealbehov og plassering av helse og omsorgstenestene:

- Når kjem dei ulike behova. Stegvis utbygging.
- Fordelar/ulempar ved å samle helse og omsorgstenestene i eitt bygg.
- Drift og investeringskonsekvenser.
- Kor stor del (ca) av helsetestene er relatert til skule og omsorgsfunksjonane knytta til bygdaheimen.

Styringsgruppa må i dei neste møta vurdere den økonomiske bæreevna til kommunen, jmf mandat kommunestyremøte 20.12 2016, sak 132/16

*-Styringsgruppa må vurdere totaløkonomien i prosjektet.*

*- laga modell over korleis store låneopptak verkar inn på driftsbudsjettet*

*- korleis og kor mykje Hemsedal kan sjølvfinansiere av utbygginga sett i lys av andre kommunale investeringar i Hemsedal*

**Vidare møteplan:**

19.12 kl 14:00 – 16:00 Møterom Skogshorn

11.1 kl 14:00 – 16:00 Møterom Skogshorn

Odd Magne Anderdal

Referent